

Fokus i Atlas-alliansen på inkluderande utvikling

På verdsbasis har over ein milliard menneske ei eller anna form for funksjonshemming. Det er estimert at ca. 80 prosent av desse bor i fattige land, og er svært ofte blant dei fattigaste av dei fattige. Mellom 75 og 90 prosent av dei som har nedsett funksjonsevne i fattige land lever under fattigdomsgrensa. Likevel er det svært få utviklings- og humanitære organisasjonar som tar spesielt omsyn til funksjonshemming i sitt arbeid. Atlas-alliansen har nyleg sett i gong konkrete tiltak for å endre på dette.



Deltakerne lærte om inkludering i praksis. (Foto: Nun Vibol fra Kambodsja)

AV: ELISE BJÅSTAD

Fire medarbeidarar i alliansen deltok nylig på kurs i Nederland om korleis ein kan påverke andre bistandsaktørar til å inkludere personar med nedsett funksjonsevne i program og prosjekt. Dette skal bidra inn ei ny Atlas-satsing som starta tidlegare i 2014, med støtte frå Utanriksdepartementet.

I løpet av fem dagar fekk undertegnede frå NFU, Cindy Greer frå NHF, saman med Anne Nyeggen og Patrice Vastel frå Atlas sekretariatet, bryne seg på spørsmål rundt inkludering og organisasjonsendring. Kurset la også til rette for læring på tvers av mange ulike land, inkludert Kambodsja, Nepal, dei sameinte arabiske emirater (UAE), Tanzania, Rwanda, Storbritannia, og ikkje minst Nederland som vertsnasjon.

I 2014 starta Atlas-alliansen eit nytt prosjekt, der norske bistandsorganisasjonar blir oppfordra til å sørge for at funk-

sjonshemma blir ein naturleg del av alle prosjekt. Dette kan vere prosjekt som til dømes søker å redusere fattigdom, skape sysselsetting, motverke effekt av klimændringar, eller hjelpe befolkningar som er råka av humanitære katastrofar. Målet er å nå og støtte langt fleire enn dersom Atlas-alliansen jobbar for saka åleine.

Atlas-alliansen har jobba for dette i lang tid, men prosjektet som starta tidlegare i år går eit steg vidare for å oppnå dette målet. Allereie i 2002 fekk Atlas-alliansen gehør i Utanriksdepartementet for at inkluderande bistand er vegen å gå. Resultatet var mellom anna at Norad utvikla retningslinjer for korleis personar med nedsett funksjonsevne skulle inkluderast i norsk bistandsarbeid rundt omkring i verda.

For å finne ut av om retningslinjene hadde ønska effekt, gjennomførte Norad ei evaluering i 2012. Den hadde ned-

slåande resultat. Det viste seg at svært lite bistandsmidlar var øyremerka for personar med nedsett funksjonsevne, og enda mindre midlar blei øyremerka i tida etter at retningslinjene kom på plass (frå 1 % i 2000 til 0,5 % i 2008). Atlas-alliansen stod for 45 % av den støtta som var øyremerka. Det var dermed forsvinnande lite som kom funksjonshemma til gode frå andre bistandsprosjekt.

Dette har tydeleggjort at det skal meir til enn retningslinjer for å få til inkludering i praksis. Mange har ei oppfatning om at det er vanskeleg og dyrt å inkludere, og at det er ein jobb for organisasjonar som jobbar med funksjonshemma sine rettar til dagleg. Samtidig har det vist seg at viljen til å jobbe med inkludering er der. I seinare tid har enkelte organisasjonar, til dømes Plan Norge, sett som mål å inkludere personar med nedsett funksjonsevne, i første omgang i

enkelte prosjektland. I 2006 blei FN Konvensjonen om rettane til personar med nedsett funksjonsevne vedtatt av FN's generalforsamling. Der tydeleggjer artikkel 32 at alle statar er forplikta til å sørge for at internasjonal bistand inkluderer og er tilgjengeleg for personar med nedsett funksjonsevne. Konvensjonen blei ratifisert av Norge i juni 2013.

For å nå fram til fleire har Atlas-alliansen sett behov for å tilby konstruktiv støtte til bistandsaktørar for å demonstrere korleis ein kan skape inkluderande prosjekt i praksis. Prosjektet som starta i 2014 har så langt gjort følgande prioriteringar:

1. Gi kurs om inkludering til norske bistands- og humanitære organisasjonar
2. Pilot-samarbeid med Kirkens Nødhjelp i Malawi og Vietnam
3. Bygge kompetanse på inkluderingsrettlegging i Atlas-alliansen og blant partnerorganisasjonar
4. Etablere inkluderingsnettverk

Som del av inkluderingsprosjektet har mellom anna Kirkens Nødhjelp sagt seg villig til å teste ut ein inkluderande prosjektmodell i to land, Malawi og Vietnam. Desse initiativa er viktige steg i retning av å prøve ut og dokumentere korleis inkluderande bistand kan gjennomførast i praksis.

Kurset i Nederland bidreg til å skape større kunnskap internt i Atlas-alliansen om konkrete metodar for korleis ein kan skape inkluderande bistandsprosjekt, og handtere motstand ein møter i arbeidet med å promotere ei inkluderande tilnærming. I første omgang blei lærdomen vidareførast til andre i Atlas-alliansen gjennom eit internt kurs 21. oktober.

Arrangør

Kurset blei arrangert av organisasjonen Light for the World (LFTW), som dei siste åra har jobba systematisk med korleis inkludering kan gjerast i praksis, i samarbeid med det nederlandske konsulentfirmaet MDF, som til dagleg jobbar med organisasjonsutvikling.

Nye stemmer


På et stort sidearrangement i FN i Genève nylig fortalte fire unge mennesker med utviklingshemning om hvor viktig det er at deres meninger blitt tatt hensyn til. Medlemmene i komiteene for barnekonvensjonen og konvensjonen for mennesker med nedsatt funksjonsevne ble rørt av deres overbevisende presentasjoner. Disse stemmene har aldri tidligere blitt hørt i FN.

Arrangementet ble organisert av Inclusion Europe og organisasjonens Hear our Voices-prosjekt i samarbeid med Lumos, Eurochild, UNICEF og International Disability Alliance. Formålet med prosjektet er å sikre at alle barn, uavhengig av den enkeltes funksjonsevne, skal få delta aktivt på alle livsområder. Les mer på www.inclusion-europe.org og www.nfunorge.org

Ønsker du å lære mer og bidra til at barn, unge og voksne med utviklingshemning får et rikere liv med større selvstendighet, bedre selvfølelse, glede over



mestring og bruk av sitt potensiale for læring? Vi har letteste og praktiske bøker om barnehage, skole, læring, voksenliv, alderdom, inkludering, samtaler,



helse, vekt/kosthold, identitet, selvstendighet, fritid, vennskap, kjærlighet, sex, arbeid, fritid og mye annet? Pluss morsomme og innholdsrike lærepacker i engelsk bygget på lek, musikk, drama, humor og fellesskap.

**SKAUGE
FORLAG**

skaugeforlag.no • post@skaugeforlag.no • 41105723